



DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy sokneråd

9. oktober 2023

*I Heradsstyret v/ ordførar Lars Fjeldstad*

## Oppmoding om å oppnemne ein kommunal representant til Osterøy sokneråd

Me vil gratulere kommunestyremedlemmene med valet og den tilliten de har fått frå innbyggjarane i kommunen.

Samstundes med kommunestyrevalet vart det gjennomført val til sokneråd i Den norske kyrkja – òg i Osterøy. Nytt frå og med denne valperioden er at det i kommunen frå 1. januar 2024 berre vert eitt sokn – mot fem tidlegare. Det nye soknet vert i geografisk storleik lik kommunen. Dei seks tidlegare råda (fem sokneråd og eit kyrkjeleg fellesråd) vert no erstatta av eitt sokneråd – Osterøy sokneråd – med ansvar for heile det nye soknet. Det nye soknerådet vil ivareta også dei oppgåvane som tidlegare låg til kyrkjeleg fellesråd (personal-, gravplass- og byggforvalting) og slik oppnå eit totalansvar for all den kyrkjelege verksemda i kommunen. Det nyvalde soknerådet trer i kraft frå 1. november og overtek fellesrådsfunksjonane frå kyrkjeleg fellesråd 1. desember.

Soknerådet har også hovudansvaret for kontakten mellom kyrkja og kommunen, og rådet forvaltar dei kommunale midlane som blir gitt i ei særskilt tilskotsordning til kyrkjeleg verksemd i kommunen i tråd med § 14 i trussamfunnslova. I kommunar der sokneråd også fungerer som fellesråd deltek kommunen sin representant som medlem av rådet berre i handsaming av saker som følgjer av § 17 i Kyrkjeordninga for Den norske kyrkja.

I medhald av den tidlegare kyrkjelova var det lovfest at kommunen skulle oppnemne ein representant til kyrkjeleg fellesråd (sokneråd i kommunar med berre eitt sokn), men er no fastsett forskrifta *Kirkeordning for Den norske kirke* §9, andre ledd som seier: «*I kommuner med bare ett sokn kan kommunen velge ett medlem og ett varamedlem til menighetsrådet, som tiltar rådet når dette behandler saker som i kommuner med flere sokn tilliggir kirkelig fellesråd.*» Nytt sidan 2019 er store rettslege endringar på kyrkjefeltet, som mellom gjer til at det ikkje lengre er plikt til, men ein rett til å oppnemne ein communal representant til kyrkjeleg fellesråd (sokneråd i kommunar med berre eitt sokn). Det er kommunestyret sjølv som vel fast representant og ein varamedlem til rådet.

Den kommunale representanten må vere medlem i Den norske kyrkja, og blir ordinært medlem når soknerådet fungerer som kyrkjeleg fellesråd, og har dei same rettane og pliktene som dei andre medlemmene i soknerådet, med unntak av at vedkommande ikkje kan veljast til leiar eller nestleiar. Den kommunale medlemmen vil i desse sakene vere fullverdig medlem i eit kyrkjeleg styringsorgan.

Oppgåvane for kyrkjeleg fellesråd er omtala i § 17 i forskrifta *Kirkeordning for Den norske kirke*.

Formålet med ein communal representant i kyrkjeleg fellesråd er å etablere eit grunnlag for god kommunikasjon og open informasjonsflyt mellom rådet og kommunen. Vår erfaring er at det er ein stor fordel at kommunen sin representant er ein av kommunen sine sentrale politikarar, til dømes at vedkommande sit i formannskapet eller har ein anna sentral posisjon.



DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy sokneråd

Me syner òg til Barne- og familieliedepartementet [sitt brev til kommunane](#) i høve ny trussamfunnslov frå 2021. Her vert rammene for kommunen sitt utgiftsansvar for lokalkyrkja skildra, i tillegg til samspelet mellom kommune og kyrkje.

Representanten for kommunen i noverande sokneråd har vore Johannes Haugland, og varamedlemmen har vore Kari Laurhammer Mjøs. Eventuelle spørsmål om denne ordninga kan òg rettast til fellesrådsleiar Roar Moen eller kyrkjeverje Linda Gripsgård Lunga. Vervet er honorert.

Det konstituerande møtet i soknerådet vil finne stad 17. oktober. Vi oppmodar heradsstyret til å velje ein communal representant m/vararepresentant til soknerådet, og at informasjon om valet vert sendt oss i god tid før 1. desember 2023 som er det tidspunkt soknerådet overtek styringsansvaret for fellesrådssaker.

Med venleg helsing

Roar Moen

leiar

Osterøy kyrkjeleg fellesråd

Linda Gripsgård Lunga

kyrkjeverje

Kopi: Kommunedirektøren